

BOKANBEFALINGER

Tekst: Tea Kristin Granhaug Græsby



BABYSTRIKK FRA PAELAS

Frida Farstad Brevik, Siri Hoftun,
Trude Melhus Rognstad

Gyldendal Norsk Forlag
ISBN 978-82-05-51598-7

Designerne i Paelas presenterer i denne boka drøye 30 design i størrelse 0–3 år, på alt fra rompere, tights og trøyer, til tilbehør som luer og tepper. Som alltid designer Paelas klær som både passer til hverdags og til fest, med fokus på detaljer som interessant strukturstrikk og iøyenfallende krager. Boka er illustrert med vakre fotografier.

 @paelasknits



RUTER OG LUS: RETROSTRIKK FRÅ SALHUS TRICOTAGEFABRIK

Ann Kristin Ramstrøm (red.)

Museumsforlaget
ISBN 9788283050653

Helt fram til 1989 produserte strikkemaskinene på Salhus Tricotagefabrik metervis med stoff som ble brukt til søm av klær, og det er strikkeprøver fra dette mønsterarkivet som er utgangspunktet for de rundt 30 designene denne boka rommer. En rekke kjente strikkedesignere har bidratt til denne skatten av ei bok, med oppskrifter på alt fra dame- og herregensere, til strikkede puter og pledd. Hver oppskrift er presentert med bilder av strikkeprøven fra fabrikk, litt historie rundt navn og design, og flotte fotografier. Boka inneholder også et omfattende og interessant kapittel med historien til fabrikk. En inspirerende, spennende og litt annerledes strikkebok.



RUTER OG LUS

RETROSTRIKK FRÅ SALHUS TRICOTAGEFABRIK

I strikkeboka som kom ut på Museumsforlaget i haust får mønster frå ein av dei første norske tekstilfabrikkane nytt liv som handstrikk med grafiske, geometriske mønster.

Tekst: Hanne Dalen, Norsk Trikotasjemuseum

I alle museum finn vi skattar, som vakre gjenstandar og spanande historier om menneske og levde liv. Desse tinga gir oss innblikk i fortida, og vi som jobbar på museum elsker å vise dei fram og fortelje dei gode historiene. Industrimuseum generelt handlar meir om store fabrikkhallar, arbeidsprosessar, støy og slit enn om unike gjenstandar i glasmønter, men også her finst det gull blant betong og tannhjul. Hos Norsk Trikotasjemuseum i Bergen er ein av våre skattar eit fabrikkarkiv med strikkeprøver tilbake til tidleg 1900-tal.

ULL ER OGSÅ GULL

Museet tek vare på Salhus Tricotagefabrik (1859–1989) – ein av dei første norske produsentane av maskin-strikka plagg, eller trikotasje. Fabrikkannlegget er eit nasjonalt industriminne, og blir freda i 2020. I *Ruter* og *lus* har vi dykka ned i fabrikkarkivet og magasin for å skape noko nytt.

Mange av dei som besøker museet er interesserte i produksjonsprosessane og dei gamle tekstilmaskinene, og kanskje spesielt i strikking. Men det er mykje vi ikkje får vist fram på ei 45-minuttars omvising. Bokprosjektet starta eigentleg med at vi ville gjere noko meir med plagg som vart produserte her, delar av museums-

samlinga som er mindre synlege for publikum. Men det skulle ta fleire år før ideen tok skikkeleg form.

FRÅ HAND TIL MASKIN OG TILBAKE

Strikking har gått frå å vere nødvendig klesproduksjon i heimen, via industrialisering og masseproduksjon, for så å få ein oppsving som fritidssysselet og avkopling – ein måte å skape sin eigen unike garderobe. Den auka interessa for strikking og nordiske mønstertradisjonar, og suksessen til Bergen Strikkefestival, gjorde det klart for oss at no var tida var inne for å ta desse mønstera frå strikke-maskinene og tilbake til hender, pinnar og garn.

I 2016 begynte vi for alvor å samle informasjon til ein publikasjon, men starta beskjedent: målet var eit enkelt, sjølvpublisert hefte i skjeringspunktet mellom historie og handarbeid. Men prosjektet fekk raskt større dimensjonar då vi kom i kontakt med Museumsforlaget, som tente på ideen om å skape noko nytt ut frå mønsterarkivet til fabrikk.

SMÅMØNSTRA ARBEIDSTRØYER

Mange av strikkemaskinene i industrien har mykje finare nåler enn ein får kjøpt på garnbutikken, derfor

tok vi utgangspunkt i tjukkare stoff til blant anna ull-genserar. Mykje av dette hadde flatedekkande mønster med korte mønsterrapportar i to fargar, slik som den klassiske islendaren og liknande arbeidstrøyer.

«...sjølv om det meste er mønsterstrikk, er mange av oppskriftene lette å strikke, med korte mønsterrapportar og aldri meir enn to fargar på ein gong.»

Arbeidet vårt starta med å velge ut mønster og teikne mønsterdiagram. Nokre prøvar var lette å tyde, andre var lettare tova og limt fast på pappplater. Nokre av dei har vi endra litt for å passe betre til handstrikk. Vi har valt mønster frå ulike periodar i fabrikkhistoria som vi trur kan appellere til strikkarar i dag. Det er få kjelder frå dei første 40 åra, derfor har vi fokusert på tida etter 1900 og fram til 1980-talet. Nokre av dei aller mest vanlege islendermønster har vi ikkje tatt med, sidan dei finst i mange andre strikkeoppskrifter.

Til å begynne med prøvestrikka vi i fargar som låg nær originalane, og gode, norske ullgarn som Finullgarn og Ask. Slik kunne vi prøve ut garnkvalitetar, og sjå om nokre av dei originale fargekombinasjonane kunne brukast vidare. Men for å fylle ei bok med strikkeoppskrifter trong vi designhjelp utanfrå.

MØNSTERSTRIKK MED HISTORISK SUS

Med oss på laget har vi hatt eit godt knippe strikkedesignarar, som har tatt desse flatemønster og gjort dei om til nye genserar, jakker, kjolar og interiørstrikk. Blant dei finn vi veletablerte designarar som Kristin Wiola Ødegård, Siv Dyvik, og Berit Løkken ved Hillesvåg Ullvarefabrikk. Mange av dei er kjende for oppskrifter i fleirfarga strikk, som Dianna Walla og Birger Berge, eller for farge-rike kombinasjonar av det moderne og retro, som søstre Birte og Margareth Sandvik.

Sjølv om det meste er mønsterstrikk, er mange av oppskriftene lette å strikke, med korte mønsterrapportar og aldri meir enn to fargar på ein gong. Mange av genserane har fått raglanfelling i staden for isydde erme, for å få ei nettare passform og gjere dei enklare å montere.

NORSK GARN, NORSK ULL

Som industrimuseum var det òg viktig for oss å bruke den levande norske tekstilindustrien, og vi har derfor brukt garn frå Hillesvåg Ullvarefabrikk, Rauma Garn og Sandnes Garn, som alle er spinneri som enno produserer i Noreg. Det er hovudvekt på norsk ull i oppskriftene – frå Finull, Ask og pellsull til Peer Gynt.

Vi har hatt hjelp av ein heil gjeng dyktige prøvestrikkarar til å gjere orda om til faktiske plagg, og funne fotogene modellar blant både familie, vener og kollegaer. Desse vart fotograferte i fabrikklokala av Tove Lise Mossestad. Plagga har òg fått namn som viser til historia dei er ein del av: etter merkevarer og kvinner og menn som arbeidde i produksjonen i Salhus. Slik vil vi hedre tekstilarbeidaren.

Det har vore ein spanande og lærerik prosess – spesielt sidan det er første gong vi lagar strikkebok – og det er veldig kjekt å sjå den fysiske boka ute i verda, og at mønster etter kvart får eit liv utanfor museet. Konkurransen er hard, men vi trur at kombinasjonen av historie og den enkle geometrien i mønsterstrikk er med på å gi boka særpreg.



OPPSKRIFT

Asjurkjole

DESIGN

Birte Sandvik og Margareth Sandvik

GARN

Alpakka frå Sandnes Garn

100 % rein alpakka, 50 g = 110 m

STØRRELSAR

(XS) S (M) L (XL)

MÅL

Overvidde (målt der ermet er sett inn):

(94) 101 (108) 115 (122) cm

FARGEFORSLAG OG GARNBRUK

Farge 1: 1015 Kitt (500) 550 (550) 600 (650) g

Farge 2: 3355 Brent oransje 50 g alle str.

Farge 3: 7212 Støvet petrol 50 g alle str.

Farge 4: 2035 Oker 50 g alle str.

Farge 5: 4715 Rosa 50 g alle str.

PINNEFORSLAG

40 cm rundpinne nr. 3,5

STRIKKEFASTHEIT

10 cm = 24 m på p nr. 3,5

Kontroller strikkefastheita. Skift til tynnare eller tjukkare pinnar ved behov.

TIPS

For å få eit jamnare mønster når ein strikkar med to mønstertrådar samtidig på peikefingeren, gjer slik: Legg den fargen som er minst framståande i rapporten, nærast deg sjølv på pinnen. Eks. første rapport: Legg fargen brent oransje nedst på pinnen, fargen kitt øvst. Strikk slik i 5 omgangar. Dei neste 6 omgangane lar du fargen kitt vere nedst, deretter fargen brent oransje nedst dei neste 5 omgangane.

FRAM- OG BAKSTYKKE

Fram- og bakstykket skal strikkast i eitt til du kjem opp til ermene. Her skal arbeidet delast i to og strikkast kvar for seg.

Begynn med farge 1. Legg opp (224) 240 (256) 276 (300) m på rundpinne nr. 3,5 og strikk 4 cm glattstrikk. Strikk ein omgang holkant (to rette saman, eit kast, to rette saman, eit kast osv.). Fortsett i glattstrikk.

Når arbeidet måler 18 cm frå holkanten, strikk mønsterbord i farge 2 etter diagrammet. Viss du vil ha ein lengre kjole, strikk nokre cm til før mønsterborden.

Alle fellingane føregår i dei kvite felte, der det ikkje er mønsterstikk.

Etter første mønsterbord, del arbeidet i to og sett eit merke i kvar side. På kvar side av dette punktet er det ei maske som skal strikkast rett, før/etter fellingane.

Fell 2 m i kvar side slik: Strikk 2 m saman, strikk 2 m utan å felle, strikk 2 m saman, dvs. at du feller 4 masker per omgang. I det kvite feltet mellom bordene feller du 2 gonger, dvs. at du feller 8 m mellom mønsterbord 1 og 2 og 8 m mellom mønsterbord 2 og 3, i alt 16 m.

Strikk 16 omg i farge 1 etter den første mønsterborden og fell samtidig som vist over. Strikk mønsterbord i farge 3. Strikk 16 omg i farge 1 og fell som vist over. Strikk mønsterbord i farge 4.

Rett etter 3. mønsterbord skal du felle igjen. Det er no (208) 224 (240) 260 (284) m på pinnen.

No skal du i tillegg til å felle i sidene også felle 2 gonger fordelt på framstykket og 2 gonger fordelt på bakstykket, i alt 6 gonger i løpet av omgangen. Med andre

OPPSKRIFT

Asjurskjerf

DESIGN

Birte Sandvik og Margareth Sandvik

GARN

Alpakka frå Sandnes Garn

100 % rein alpakka, 50 g = 110 m

MÅL

Lengde: Ca. 180 cm

Breidde: Ca. 30 cm

FARGEFORSLAG OG GARNBRUK

Bf: 1015 Kitt 350 g

Mf 1: 7212 Støvet petrol 50 g

Mf 2: 2035 Oker 50 g

Mf 3: 3355 Brent oransje 100 g

Mf 4: 4715 Rosa 50 g

PINNEFORSLAG

40 cm rundpinne nr. 3,5

STRIKKEFASTHEIT

10 cm = 24 m på p nr. 3,5

Kontroller strikkefastheita. Skift til tynnare eller tjukkare pinnar ved behov.

TEKNIKK

Skjerfet er dobbelt og strikka rundt på rundpinne etter diagram.

TIPS

For å få eit jamnare mønster når ein strikkar med to mønstertrådar samtidig på peikefingeren, gjer slik: Legg den fargen som er minst framståande i rapporten, nærast deg sjølv på pinnen. Eks. første rapport: Legg fargen brent oransje nedst på pinnen, fargen kitt øvst. Strikk slik i 5 omgangar. Dei neste 6 omgangane lar du fargen kitt vere nedst, deretter fargen brent oransje nedst dei neste 5 omgangane.

SKJERF

Legg opp 149 masker med mf 4 på p nr. 3,5.

Strikk 8 omgangar glattstrikk, bytt til bf og strikk 16 omgangar.

Strikk så mønster etter diagrammet. *Start med mønster i mf 3.

Strikk ein rapport og fortsett med einsfarga bf i 16 omgangar.

Strikk så ein ny rapport i mf 1, strikk så 16 omgangar med einsfarga bf, deretter ny rapport i mf 2, deretter 16 omgangar med einsfarga bf.*

Gjenta frå *-* fire gonger, eller til ønskt lengde. Bytt så til mf 4 og strikk 8 omgangar. La maskene stå på pinnen.

MONTERING

Vreng arbeidet på vrangsidea og fest alle trådar.

Sy skjerfet saman frå innsida i den enden du begynte.

Vreng arbeidet til rettsida og fordel maskene på to pinnar: 75 masker på den eine pinnen, 74 masker på den andre.

Mask dei så saman og fest den siste tråden så skjult som mogleg på innsida av arbeidet.

Damp skjerfet hardt med strykejern: Fukt eit kjøkkenhandkle godt og legg oppå skjerfet slik at strykejernet ikkje kjem i direkte kontakt med plagget. Damp jamt nedover på begge sider, slik at skjerfet blir heilt flatt og det blir markerte kantar i sidene.